

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.02. 2013
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Endringer i instruksar for revisjonskomite og internrevisjon**

Arkivsak
2013/124/
Styresak 034/13 B

Styremøte 06.03. 2013

Forslag til vedtak

Styret vedtar forslaget til endringar i instruksane for internrevisjon og revisjonskomiteen.

Oppsummering

Helseføretakslova er endra med verknad frå 1.1.2013. Denne saka drøfter konsekvenser for revisjonskomite og internrevisjon og gjer framlegg til enkelte endringar i gjeldande instruksar for internrevisjonen og revisjonskomiteen. Administrasjonen legg parallelt fram sak om endringar i styreinstruksen. Dei to sakene har eit samordna innhald.

Fakta

I styresak 007/13 i møte 06. februar 2013 skisserer administrasjonen hovudtrekka i den nye lova. Det går mellom anna fram at

- Dei regionale helseføretak blir pålagt å etablere internrevisjon.
- Ordninga med revisjonsutval blir lovfesta.
- Internrevisjonen si tilgang til opplysingar som er underlagt teieplikt blir regulert.

Både i lovforarbeid og i stortingsbehandlinga kom det fram at ein frå departementet har tatt sikte på å lovfeste gjeldande praksis på ein rekke område. Det gjeld også ordninga med revisjonsutval (tidlegare revisjonskomite) og internrevisjon.

Internrevisjonen har fulgt lovarbeidet tett, saman med administrasjonen i RHF-et og internrevisjonene i dei andre RHF-a.

Vi tek her med relevante lovparagrafar (sitat i kursivert skrift):

§ 21a. Styrets revisjonsutvalg

Styret i regionalt helseføretak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap eller revisjon.

Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplaner for internrevisjonen.

§ 37a. Internrevisjon

De regionale helseføretakene skal etablere en uavhengig og objektiv internrevisjon.

Internrevisjonen skal gjennom en systematisk og strukturert metode og avgivelse av bekreftelse bidra til forbedringer i risikostyring, internkontroll og virksomhetsstyring. Internrevisjonen skal rapportere funksjonelt til styret og administrativt til daglig leder. Internrevisjonen skal også omfatte helseføretakene som det regionale helseføretaket eier, og inngåelse og oppfølging av avtaler med andre tjenesteytere.

Internrevisjonen skal gjennomføres i henhold til anerkjente standarder og løpende følge virksomheten.

Internrevisjonen kan, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som den finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene. Opplysningene skal så langt det er mulig gis uten individualiserende kjennetegn. Reglene om taushetsplikt gjelder tilsvarende for den som mottar opplysningene.

Kommentarar

Sjølv om ein har hatt krav på seg frå eigar (HOD) om å ha ein ordning med revisjonskomite og internrevisjon sidan 2006, er det først nå kravet er tatt inn i lova. Internrevisjonen har gått gjennom gjeldande instruksar for revisjonskomiteen og internrevisjonen for å sjå om det ligg føre behov for endringar.

Det gjer det i liten grad. Lovfestinga av gjeldande praksis medfører at den praksis Helse Vest har ført, vil kunne bli videreført. Det gjeld oppgåvene til internrevisjon og komite, det gjeld samansetnad av komiteen, og det gjeld korleis internrevisjonen arbeider.

Behovet for endringar kjem mellom anna fram i gjeldande instruks for revisjonskomiteen, nemlig namnet. Lova opererer med "revisjonsutval" noko som er vanleg i næringslivet.

Dette har konsekvenser på ein rekke stadar i gjeldande instruksar for både internrevisjon og revisjonskomite, så vel som i styreinstruksen (jf eiga sak).

Behovet for endringer kjem også fram på eit anna punkt i gjeldande instruks for internrevisjonen. I gjeldande instruks heiter det:

2.2 Administrerende direktør tilset og seier opp leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonskomiteen. Administrerende direktør fastset i samråd med revisjonskomiteen godtgjersle til leiar av internrevisjonen.

I ny helseforetakslov § 21a er tilsettingsmynde lagt til styret. Dette er gjort av prinsipielle årsaker, for å sikre eit skilje mellom internrevisjon og administrasjon. Instruksen i Helse Vest seier også noko om fastsetjing av godtgjersle utan at det er omtalt i lova. Ein kan her legge til grunn same prinsipielle standpunkt, nemleg at mynde til å tilsette og avsette bør koplatt til lønsfastsetjing.

Av det følger at punkt 2.2 bør endrast slik for å fange opp bokstav og forventning i lova:

2.2 Styret tilset, seier opp og fastset godtgjersle for leiar for internrevisjonen etter innstilling frå revisjonskomiteen.

Konklusjon

Det er styret i Helse Vest RHF som fastset instruksar for internrevisjonen og revisjonskomiteen.

Vedlegg:

Instruksar for internrevisjon og revisjonskomite